



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skavnes, May Britt Lyngvær	[Godkjent dato] / [Godkjent av]	1.0

## Smittevern ved ekstraordinære situasjoner

***Verksemda skal planleggast og drivast slik at risikoen for spreing av smittsame sjukdomar vert så liten som mogleg.***

***Utdanningsdirektoratet har gitt ut ein rettleiar om smittevern under covid-19 utbrotet 2020:***

Rettleiaren finn du her: <https://www.udir.no/kvalitet-og-kompetanse/sikkerhet-og-beredskap/informasjon-om-koronaviruset/smittevernveileder/>

***Formålet med råda er å avgrense og forsinke utbrot av covid-19.*** Dei tre grunnpilarane for å bremse smittespreing er :

1. Sjuke personar skal ikkje vere i barnehagen.
2. God hygiene.
3. Redusert kontakt mellom personar.

***Vestnes kommune har med bakgrunn i rettleiaren utarbeidd lokale retningsliner for barnehagane. Desse gjeld både for kommunale og private barnehagar.***

### SJUKDOM

- Barn og tilsette skal ikkje møte i barnehagen ved sjukdom eller mistanke om sjukdom.
- Ved feber, hoste, sår/vond hals, rennande nase eller nedsett helsetilstand skal ein halde seg heime.
- Ein skal vere symptomfri i eitt døgn før ein kjem i barnehagen igjen.
- Barn som byrjar å vise symptom på luftvegsinfeksjon i barnehagen må sendast heim. Barnet må vente på eige rom eller ute ilag med ein tilsett. Den tilsette må om mogleg halde 1-2 meter avstand, vaske hender ved kontakt med barnet undervegs, samt etterpå. I etterkant blir rom, toalett og andre områder barnet har opphalde seg i reingjort.
- Barn og tilsette med typiske symptom på pollenallergi kan møte i barnehagen.
- Barn med rennande nase med klart nase-sekret, utan andre symptom på luftvegsinfeksjon kan møte i barnehagen.

### HYGIENE

- Det skal vere auka fokus på handvask med såpe og vatn og hoste/nyse rutine.
- Vi heng opp «handvaskeviser» og merkar av ventesoner på golvet framfor vaskane.
- Barn/tilsette skal vaske hendene minst når dei kjem og før dei går heim. Før og etter måltid. Når dei har vore ute. Etter å ha hosta i handa/pilla i nasen. Etter soving, toalettbesøk og bleieskift.
- Det blir alternativ vask ute for barn og tilsette med handdesinfeksjon/serviettar.
- Dei vaksne brukar hanskar ved bleieskift, og handvask etter hanskebruk.
- Tørkepapir skal vere lett tilgjengeleg heile tida.
- Føresette som må inn i barnehagen skal vaske/desinfisere hendene når dei kjem og når dei går.



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skavnes, May Britt Lyngvær	[Godkjent dato] / [Godkjent av]	1.0

## REINHOLD/DESINFISERING

- Berøringspunkt som handtak, dører osv. skal vaskast med såpe to gongar pr. dag. (føremiddag/ettermiddag). Det gjeld og barna sine berøringspunkt.
- Kraner og toalettseter vaskast to-fire gongar pr. dag
- Bord skal vaskast før og etter måltid.
- Tilgjengelege leike skal vaskast dagleg. Leike som ikkje kan vaskast (plastilina osv.) skal fjernast.
- Mengde leike skal reduserast. Ha gjerne føremiddags leiker og ettermiddags leike for å lette reinholdet.
- Omfanget av uteleiker skal reduserast. Småleikene ute skal vaskast dagleg. Bruk plastdukar på uteborda.
- Det ordinære reinholdet i barnehagane får auka og endra fokus. Eigen instruks her.

## ORGANISERING AV GRUPPER

- Barna skal delast inn i kohorter/grupper. Det skal vere ein fast vaksen på 3 småbarn, eller 6 storbarn. 2 grupper kan samarbeide om praktiske ting i løpet av dagen.
- Gruppene skal ha faste opphalds soner inne og ute.
- Gruppene skal ha eigne leiker og utstyr. Ikkje leiker heimanfrå.
- Det skal ikkje vere fellessamlingar med barn.
- Ver mest mogleg ute, uteområdet blir delt opp i faste soner.

## HENTE/BRINGESITUASJON

- Føresette skal så langt som råd levere og hente barna sine ute på avtalt område. Barna skal vere ferdig kledd i ute klede etter veret når dei kjem om morgonen.
- Kjem barna til andre tider enn det som er avtalt må føresette ringe til kontaktpersonen sin for å avtale dette. Alle føresette får mobiltelefonnummer til sin kontaktperson.
- Avgrens så langt mogeleg antal personar som hentar og bringar i barnehagen.

## MÅLTID

- Barna et frukost og har tannpuss heime før dei kjem på barnehagen.
- Barna et alle måltid i lag med si gruppe på fast plass.
- Barna tek med seg lunsj og frukt i merka boksar heimanfrå. Dei får mjølk på barnehagen.
- Små barn som skal ha graut o.l må få dette tilordna i barnehagen.
- Det blir elles ikkje noko matlaging på barnehagen i denne perioden.
- Hald avstand i den grad det er mogleg under måltidet.

## KLEDE

- Barna skal kome i reine klede kvar dag.
- Barna må bytte klede og vaske desse når dei kjem heim.
- Barnehagen kan bruke tørke skap.



Dokumenttype:	Forfatter:	Godkjent av/dato:	Versjon:
Rutine	Skavnes, May Britt Lyngvær	[Godkjent dato] / [Godkjent av]	1.0

## TILSETTE PÅ JOBB

- Tilsette skal skifte klede når dei kjem på jobb, og ikkje bruke ringar og smykke.
- Det skal være lågare terskel enn vanleg å være heime frå jobb. Gi beskjed til einingsleiar i god tid slik at ein anna tilsett kan erstatte deg.
- Tilsette som blir sjuke medan dei er på jobb må heim så snart som mogeleg. Den tilsette si barnegruppe må takast vare på av andre, eller bli sendt heim.
- Det blir lagt opp til auka testing av tilsette.
- Det blir ikkje plantid for pedagogane i denne perioden.

## FLYTSKJEMA SJUKE BARN

